

# Mjødurt (*Filipendula ulmaria*)

## Skogen sin Globoid!



1: Blomsterstand. 2: Blad frå nedst på stilken. 3 og 4: Lengdesnitt av blom og fruktlekam. 5: Modne småfrukt. 6: Lengdesnitt av fruktlekam med frø.

### TIDLEGARE BRUK

**Drikke:** Mjødurt vart brukt som smakstilsetning i øl og brennevin, men denne tradisjonen er ikkje vorte halden i hevd. Mjødurt vart og brukt til te, ein tradisjon som vart teken opp att under siste verdskrig.

**Kalender:** Over heile landet er mjødurten si bløming brukt som teikn på at slåttan kunne starta.

**Medisin.** Norrøne lærebøker anbefaler mjødurt mot hoggormebit, snue, augesjukdomar, hoste og blodspytting, frost i føtene og mot kreft. Seinare har den blitt brukt mot brystsjuke, sexlyst, revmatisme og engelsk sjuke.

### BRUK I DAG

Mjødurt vert også i dag til ei viss grad nytta mot feber og revmatisme. Det er funne salisylsyreforbindingar i planta, det same stoffet som i febernedsettjande og antirevmatisk tablettar. Planta inneheld også svette- og urindrivande stoff.

Mjødurtete mot feber:

- \* 2 ts blommar av mjødurt
- \* 1 ½ liter vatn.

*Kok opp vatnet, set kjelen til side og tilset blomane. La det trekka i 15 min. Sil. Drikk 1-2 koppar varm te dagleg.*

**KAN DU SJÅ EIN BLØMANDE MJØDURT? Har den trekt til seg insekt?**